



Møtereftrat

Referat frå Styringsgruppa for folkehelse 17.08.17

Dato / tid: 17.08.17 kl 13-16

Referent: Magne Fylling

Stad: **Rådhuset**

Møteleiar: Modolf Hareide

Til stades: Per Egil Håhjem, Dagfinn Erstad, Per Løkkeborg, Camilla Brusdal, Kristian Skålhamn, Modolf Hareide, Lene Solheim, Mildrid Balstad, Pamela Loe, Kjell Magne Møgster og Magne Fylling

Forfall: Trond Herje og Rigmor Berg

Kopi til:

Den nye Styringsgruppa for folkehelse var kalla inn for å starte arbeidet med å kartlegge folkehelsutfordringane i kommunen vår.

Med årleg rullering av handlingsprogram til kommuneplanen, har rådmannen signalisert ønske om innspel på folkehelseutfordringar frå Styringsgruppa før den politiske behandlinga/rulleringa startar.

Ut frå framdriftsplanen som er lagt, må innspela vere sendt seinast mån 4. sept, med tanke på behandling i formannskapet 12. september.

Leiar for styringsgruppa, Modolf Hareide, starta møtet med gjennomgang av God Helse-partnerskapsavtalen med Møre og Romsdal fylkeskommune.

Fylkekommunen forpliktar seg til å vere tilretteleggar og støttespelar, ikkje minst med kurs og kompetansebygging, og tilskot på kr 125.000,- til folkehelsekoordinator.

Kommunen er forplikta på å arbeide med folkehelse i alle delar av organisasjonen, og invitere frivillige til samarbeid. Det skal arbeidast systematisk med kartlegging av faktorar som fremjar folkehelse og risikofaktorar. Kommune forpliktar seg også på å ha folkehelskoordinator tilsett i minst 50 % stilling.

Tre tenestemråde var invitert til å fortelje om sine folkehelsutfordringar:

Først ut var barnevern v/Lene Solheim.

Ho heldt fram at forelderkonfliktar og fråvær av grensesetting gir utfordringar.

Lene meinte at ein del foreldre, som resultat av konfliktar og skilsmisse, får negative utslag når det gjeld psykisk helse, rus, vald og økonomi.

Psykisk helse-/rusteamet var representert ved Pamela Loe og Kjell Magne Møgster.

Dei fortalde litt om korleis dei arbeider, m.a. med vekentlege møte med kommunelege. Psykisk helseutfordringar og rus heng ofte saman. Og rusen øydelegg mykje, m.a. evne til å ta seg av barna. Tidleg intervensjon er viktig. Og det blei også slått fast at fysisk aktivitet hjelper på den psykiske helsa.

Helsesenter/helsestasjon v/ Mildrid Balstad

Mildrid fortalde at dei skal arbeide førebyggjande.

Alle i målgruppene dei har, er innom.

Dei opplever at det er lav terskel til å ta kontakt med helsestasjonen.

Det er no utarbeidd ny rettleiar frå staten som dei må få oversikt over og følgje.

Dei ønsker å involvere seg meir på fleire område, særleg skulehelsetenesta, men ressursar set avgrensingar.

Mildrid sine bekymringar i forhold til barn gjeld både psykisk helse, overvekt og fråvær av nettverk.

Ho etterlyser fleire uformelle møteplassar.

Som avslutning på møtet gjekk folkehelskoordinator gjennom tre dokument som var sendt ut på førehand:

- Oversikt over helsetilstanden i Skodje kommune (frå 2014)
- Folkehelseprofil 2017
- Nøkkeltal frå vårens Ungdataundersøking.

Leiar Modolf Hareide avrunda møtet med ei utfordring til sekretær om be alle tenesteområde sende innspel om folkehelsutfordringar til Styringsgruppa for folkehelse.

Det blei gjort fre 18.08.17, med frist 29.08.

Eg minner elles om neste møte i styringsgruppa, som er torsdag 31.08.17, kl 14-17, formannskapssalen på rådhuset.

Då skal styringsgruppa kome fram til konkrete folkehelsetiltak som innspel til rullering av handlingsprogrammet av kommuneplanen.